

Periodiske emnerapportar - vår 2008

FRA2503 – Frankrike som kolonimakt

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av fjorten emnepåmelde studentar tok ti eksamen. Tre fekk karakteren B, seks karakteren C, og ein er meld for mistanke om fusk (eit grovt tilfelle). Eksamensresultatet vitnar om solid arbeidsinnsats frå studentane si side. Tilfellet av fusk får vi håpe er eit eingongstilfelle. Tre studentar har levert elektronisk evaluering. Sjølv om det er få i høve til dei påmelde studentane og dei som tok eksamen, vel eg sjå på svara som dekkjande for synet til dei som tok emnet. Det vil seie at studentane i det store og heile er nøgde med det dei har fått ut av emnet. Det som delvis gjer at så pass mange tok emnet, er at det kan brukast av studentar som tek studieretninga Afrika sør for Sahara på AAS-programmet. Dersom denne studieretninga fell bort, kan det bli verre å rekruttere studentar til emnet.
- 3 Tilbodet om dokumentarfilmar i tilknytning til emnet har studentane tydeleg sett pris på. Dei fleste filmane samla 6-7 studentar på dette nivået.
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Det er viktig å halde fram med å dele ut tilleggsstoff i form av kronologiar og primærtetekstar av ulike slag.

FRA4516 – Frankrike som kolonimakt

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av åtte emnepåmelde studentar tok seks eksamen. Ein student har etter søknad fått høve til å levere essayet som gjeld som eksamen, før 1. september, og ein student fekk avvist essayet sitt to gonger på grunn av altfor mykje avskrift og valde å ikkje levere ein endeleg versjon. Ein student fekk karakteren A, tre fekk karakteren B og to karakteren C. Desse seks studentane har vist ein sterk motivasjon og lagt ned ein solid arbeidsinnsats.
- 3 Tilbodet om dokumentarfilmar i tilknytning til emnet vart òg godt motteke av masterstudentane. I snitt nytta tre-fire studentar seg av det.
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Jf. FRA2503

Blindern 08.08.08
Svein Erling Lorås